



Sogn og Fjordane Skogeigarlag
v/Johannes Nygaard
Postboks 185
6801 FØRDE

Dato: 12.06.2014
Vår ref.: 2014/204-27
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

TILSKOTSORDNING FOR VILTFORMÅL 2014 - Avslag på tilskot til «Småviltforvaltning i Hordaland»

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde tiltak, med søknadsfrist 15. januar.

Søknaden vart fremja i det nettbaserte søknadssystemet til Miljødirektoratet, (referansenummer 14SD7BF3). Søknaden er vurdert for tilskot frå løyving som fylkeskommunen fordeler under den statlege tilskotsordninga Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.*

Vi må dessverre melde avslag på søknaden.

Grunngjeving

Fylkeskommunen mottok i år i alt 14 søknader om tilskot til viltformål, med samla omsøkt tilskot på kr 738 000, mot samla tildeling til Hordaland fylkeskommune i 2014 på kr 500 000,-. Fordelinga av tilskot til omsøkte vilttiltak i 2014 vart gjort på møtet i Kultur- og ressursutvalet 13. mai 2014, sak PS63/2014. Saksframlegget inneheld blant anna oversikt over søknader og søknadvurderingar. Sjå saksframlegget og vedtak frå møtet vi lenkja <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1515>

Klage og partsinnsyn

Vedtak om heilt eller delvis avslag kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå motteke brev. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva tiltak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte sakshandsamar Jomar Ragnhildstveit, e-post jomar.ragnhildstveit@hfk.no eller telefon 55 23 93 08.

Lukke til i vidare arbeid med viltformål!

Med helsing

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.